Over 30 uskedelingar i første karusellrennet. 18.01.2015

Halve langrennsgjengen frå Uskedal il.

Saka er oppdatert med resultat.
Etter vind, hagl og kraftig snøfall, vart det i dag ein flott dag i Fjellhaugen til å gå skirenn. Temperatur låg rundt null og det kom eit lett snødryss litt utpå dagen.

Deltakelsen var upåklagelig i det første karusellrennet for sesongen. I konkuranseklassen var det mellom 90-100 deltakarar, og Uskedalen var godt representert med rundt 30 startande.

Rennet var som nevnt tidlegare klassisk, og arrangert av Rosendal Turnlag, som gjorde ein god jobb.

Det vart for første gang nytta 'Min idrett' for påmelding til rennet, noke som ser ut til å ha virka ganske bra. Renndata vil bli lagt ut på Uskedal IL si heimeside når dei er klare.

Neste skirenn er Søndag 1. februar,og då er det er karusellrenn med skibytte. Spennande.

Resultata finn de på Uskedal idrettslag si heimeside ved å klikka her: http://www.uskedalil.no/upload/files/skikarusellen2015.01.15nr1ifjellhaugen.pdf. Der finn de og ein fin biletserie frå rennet. De kjem direkte inn på den ved å klikke på denne linken: http://www.uskedalil.no/uil/index.php?cid=s1886_31118&pid=255623

Eit flott knippe flinke langrennsløparar.

Tekst og foto: www.uskedalil.no v/Knut Johannes Ripel
Nett: Thor Inge Døssland